

ÅRSMØTEPROTOKOLL FOR ÅRSMØTE HALDE

24. Mars 2015 i Galteråsen 4 (på møterommet til H. Sandvik)

Desse møtte:

<i>Medlemsbedrift</i>	<i>Namn (rolle)</i>
Lindås VVS, Nils Træland:	Nils Arne Træland (styreleiar)
Risnes Elektro:	Konrad Risnes (nestleiar i styret)
Oster Pukk og Sand:	Bente Kleiven (styrerepresentant)
Lindås kommune:	May Eva Sandvik (styrerepresentant)
Austrheim vgs.	Kjersti Haugland (styrerepresentant)
Eknes karosseri:	Eirik Eknes (leiar i valnemnda)
Austrheim kommune:	Wenche Myrmel
Meland kommune:	Kathrine Straumøy Brakstad
Frå administrasjonen møtte:	Lillian Vabø Mongstad (dagleg leiar)

Informasjon om årsmøte vart lagt på nettsida i januar 2015. Det var sendt innkalling med sakliste, årsmelding, revidert rekneskap for 2014 og revisjonsberetning på e-post til alle medlemsbedriftene. Framlegg til Strategiplan 2015 – 2019 vart ettersendt, med referanse til sak 11, som framlegg frå styret.

Fungerande styreleiar Nils Arne Træland opna årsmøte, kl. 18.05.

Årsmøtesaker:

1. *Godkjenning av innkalling.* Godkjent utan merknadar
2. *Godkjenning av sakliste.* Godkjent utan merknadar
3. *Val av møteleiar.* Nils Arne Træland vart valt til møteleiar.
4. *Val av skrivar og 2 personar til å skriva under møteprotokollen.*
Lillian Vabø Mongstad vart valt til skrivar, og Bente Kleiven og Kathrine Straumøy Brakstad fekk kontrolloppgåva og vart valt til å skriva under årsmøteprotokollen.
5. *Styret si årsmelding.*
Nils Arne Træland orienterte om årsmeldinga, som vart godkjent av årsmøte utan innvendingar.
6. *Utbetaling av overskott/opplæringstilskott.*
Styret tilrår (jfr. årsmeldinga) å setja av kr. 4.000.000,- til utbetaling til bedriftene. Årsmøte vedtok framlegget frå styret.
7. *Rekneskap 2014.*
Dagleg leiar la fram revidert rekneskap og orienterte om innhaldet. Rekneskapen vart godkjent utan merknadar.
8. *Rammebudsjett 2014.*

Det nøkterne rammebudsjettet vart godkjent utan merknadar

9. *Val av styremedlemmar – leiar og valnemnd.*

Leiar i valnemnda, Eirik Eknes, presenterte framlegget frå valnemnda.

Under følgjer resultatet av valet:

Styreleiar 2015: Nils Arne Træland, Lindås VVS (vald for 1 år)

Personleg varamedlem: Terje Seim, Seim Bygg (valt for 1 år)

Styremedlem: Konrad Risnes, Risnes Elektro (valt for 2 år)

Personleg varamedlem: Eirik Eknes, Eknes karosseri (valt for 2 år)

Styremedlem: May Eva Sandvik, Lindås kommune (ikkje på val)

Personleg varamedlem: Kathrine Straumøy Brakstad, Meland kommune (vald for 1 år)

Styremedlem: Kjersti Haugland, rektor Austrheim vgs (ikkje på val)

Personleg vara: Øyvind Oddekalv, rektor Knarvik vgs (ikkje på val)

Styremedlem: Leiar i LO Nordhordland, Silje Nilsen (valt på LON sitt årsmøte)

Personleg vara: Nestleiar i LO Nordhordland, Tormod Bendiksen, (valt på LON sitt årsmøte)

Styremedlem: Bente Kleiven, NHIL (ikkje på val)

Personleg vara: Eva Karin Klausen, (ikkje på val)

10. *Val av valnemnd 2014;*

Geir Kleppe frå Nordhordland Elektro (leiar)

Wenche Myrmel frå Austrheim kommune og

Vidar Aasgård frå Mundal Subsea.

Val av Revisor:

Revisjonsselskapet Olstad & Co AS

11. *Godkjenning av Strategiplan 2015 – 2019*

Styret sitt framlegg til strategiplan, vart godkjent med eit tillegg i kap. 3. Der punkt 3.1.4. vart lagt til.

Styreleiar Nils Arne Træland takka for frammøte, og avslutta årsmøte.

Ref. Lillian Vabø Mongstad

Knarvik 26.03.2015



Bente Kleiven



Kathrine Straumøy Brakstad